

Delrapport for 2021

Prosjekt: «Grønnsaksproduksjon og anna dyrking i Fjellandbruket»

Jamfør søknaden om tilskot, skulle prosjektet starta i juni 2020. På grunn av coronasituasjonen, vart forprosjektperioden litt lenger. På slutten av 2020, la det seg til rette i samarbeid med Statsforvalteren i Oslo og Viken at me kunne gjennomføre eit digitalt inkubatorprogram for dei som var interesserte i å starte opp med markeshagedyrking i Fjellandbruket. Det var Stadsbruk i Sverige som la til rette for oss eit opplegg med digitale samlingar. Dette kursopplegget samsvara godt med hovudmåla for prosjektet.

Hovudprosjektet starta 1. januar 2021

Me har gjennomført/delteke på desse tiltaka:

Tiltak	Utfyllande forklaring
Inkubatorprogram for bærekraftig matproduksjon i Fjellandbruket med 6 digitale samlingar i perioden februar til april med 12 deltakarar som var interessert i å starte markeshagedyrking..	Deltakarane fekk tilgang til ei digital plattform med 6 modular. Me samarbeida med Stadbruk i Sverige, Botildenberg, Malmö om det tekniske med tilgangar med meir. Prosjektleiaren var fasilitator for samlingane i samarbeid med Anita Panman frå Statsforvalteren i Oslo og Viken, Sofia Maria Bang elm frå Avdem Gardsgrønt og andre ressurspersonar. Det var deltakarar både frå Vinje, Hallingdal, Vang i Valdres og Gudbrandsdalen. Prosjektleiaren har delteke på samlingar i samband med inkubatorprogrammet.
Markdag 12.juni	Det vart gjennomført markdag med besøk hjå Ål markeshage v/ Ingunn Hallingstad Medgard og på Ivju gard v/ Else Birgit Østro. Markdagen vart gjennomført i samarbeid med Hege Sundet i Norsk landbruksrådgjeving Østafjells
Sju Teams-møter gjennom vekstsesongen	Det er gjennomført sju Teams-møter siste onsdagen i månaden der deltakarane frå Inkubatorprogrammet kunne få svar på spørsmål. Sofia Maria Bang elm frå Avdem Gardsgrønt og Hege Sunder frå Norsk Landbruksrådgjeving Østafjells var med å svara på spørsmål.
Studietur til Avdem Gardsgrønt v/Sofia Maria Elm på Lesja 28.-29 med seks deltakara.r	Fint og kunne møtast fysisk. Omvisning i markeshagen og pakkhuset. Såg på reidskap. Så og planteøkt i drivhuset. Sosialt samvære om kvelde. Gruppearbeid.

Økouka Buskerud 30. september Synfaring i markedshagen til Embrik Rudningen og Niels Jørgensen. Middag og faglege innlegg.	Etter synfaringa var det middag og faglege innlegg. Prosjektlear hadde innlegg saman med Ål Markedshage v/ Ingunn Hallingstad Medgard der me delte erfaringar om inkubatorprogrammet for bærekraftig matproduksjon i Fjellandbruket.
Markering av FN-dagen 27. oktober i Ål kulturhus: BÆREKRAFT. Paneldebatt på biblioteket. Dyrk og et bærekraftig med 20 deltakarar.	Prosjektlear leia paneldebatten. Deltakarane i panelet var: Fjellspira v/ Gerd Aasberg, Ål markedshage v/ Ingunn Hallingstad Medgard og Vats Gardsmat.
Innlegg på årsmøte til Ål bonde og småbrukarlag 9. november	Prosjektlear fortalte om Rekoringen Hallingdal og om erfaringane om inkubatorprogrammet for bærekraftig matproduksjon i Fjellandbruket.
Starta planlegging av fysisk samling for deltakarane på Inkubatorprogram nr	Dato for samlinga vart sett til 28.-29. januar med tema fotografi/film, god ergonomi og hageplanlegging.

Prosjektlear jobbar gjennomsnittleg 1 dag i veka. Haust og vinter blir det jobba noko meir, om sommaren mindre.

Det er interesse for småskala grønnsaksdyrking og anna dyrking i Fjellandbruket. Det er viktig å jobbe for at det blir god nok lønsomhet for dei som startar opp.

Prosjektet er på fb og har to grupper der: Den eine er: Grønnsaksproduksjon i Fjellandbruket:

[Grønnsaksproduksjon i Fjellandbruket | Facebook](#) som informerer om ulike arrangement/kurs.

Den andre er ei gruppe for dei som har delteke på inkubatorprogrammet der dei kan spørje om/ dele ulike tema med kvarandre. [Inkubator Fjellandbruket | Facebook](#)

Elles er det informasjon om prosjektet på: [Markedshagar i fjellet | Markedshager Oslo og Viken](#)

Der ligg plan for aktivitetar for 2022.

Målet er å kunne jobbe ut år 2023 med prosjektet.

Ål, 7. februar 2022

Marit Torsrud Nerol

Prosjektlear

Kjell Borge

Prosjektansvarleg